

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/6722-1

Brukarutval i Sogn og Fjordane - oppnemning av personar for val

Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2016 vert valt medlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Medlem:.....

Vedlegg:

Brev frå Helse Førde

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

I brev av 20. juni 2016 oppmodar Helse Førde om å velje medlem og varamedlem til brukarutvalet for Sogn og Fjordane for perioden 1. januar 2017 – 31. desember 2019.

I retningslinjene til brukarutvalet står det i pkt. 6 at: «KS skal syte for framlegg til ein representant som er brukarrepresentant i eit kommunalt råd for eldre/menneske med nedsett funksjonsevne. Tilsvarande råd på fylkeskommunalt nivå gjer framlegg om ein representant».

Fylkesrådet for eldre har hatt varamedlem i denne perioden (representert gjennom Eivind Skjerven) i brukarutvalet for Sogn og Fjordane i perioden 2015 – 2016, medan fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt medlem. For perioden 1. januar 2017 – 31. desember 2019 vil det vere fylkesrådet for eldre sin tur til å velje medlem til brukarutvalet, og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne som vel varamedlem.

Frist for oppnemning av personane er 10. oktober 2016